



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Cathrine Tvedt
Lorentzen
Vår: 20/9106 - 21/58329

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.09.2021

Ferdigattest - gbnr 464/19 Haugstad

Administrativt vedtak: Saknr: 922/21
Tiltakshavar: Arne Solhaug
Ansvarleg søkjar: Harris Advokatfirma AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for naust og brygge på 2 x 6 meter på gbnr 464/19.

Båtopptrekk, slik det går fram av teikningar, er ikkje etablert og inngår ikkje i ferdigattesten. Det same gjeld etablert kai.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.01.2013 med endringar godkjend 06.07.2021.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.05.2021, og supplerande dokumentasjon mottatt 30.08.2021.

Skildring

Adresse:	Haugstad 62
Bygningstiltak:	Naust og brygge på 2 x 6 meter
Bygningsnummer:	300348575
Bruksareal:	35 m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9106

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Solhaug

St Olavs Gate 42 3112

TØNSBERG

Mottakarar:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 4115 5835
Sandviken

BERGEN